

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/16	Formannskapet	PS	18.02.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Irene Wilhelmsen	15/2209

Framlegg til planprogram - trafikksikring

Rullering av kommunedelplan for trafikksikring 2010-2022

Vedlegg:

Planprogram trafikksikring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Framlegg til godkjenning av planprogram i samband med rullering av «kommunedelplan for trafikksikring 2010-2022».

.....

Formannskapet - 010/16

FO - behandling:

I saksutgreiinga er det feil i rådmannen sitt framlegg til vedtak, det skal vera:
Med heimel i plan- og bygningslova §11-13 blir planprogram for kommunedelplan for trafikksikring lagt ut på høyring og offentleg ettersyn.
Rådmannen sitt framlegg (lagt fram i møtet) vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §11-13 blir planprogram for kommunedelplan for trafikksikring lagt ut på høyring og offentleg ettersyn.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Formannskapet.

Bakgrunn

Gjeldande kommunedelplan for trafikksikring 2010-2022 vart godkjent i kommunestyret 28.10.2010.

Handlingsplanen, med forslag til tiltak, skal vurderast årleg og kommunedelplanen skal rullerast kvart 4. år.

Handlingsplanen har vore vurdert i perioden 2010-2015 og ein del tiltak er utført.

Manglande ressursar har resultert i at den firårige rulleringa ikkje er komen i gang før.

Planen gjeld for alle riks-, fylkeskommunale- og kommunale vegar i Lindås kommune.

Sentrale aktørar, Statens vegvesen og Hordaland Fylkeskommune, har stor interesse for innhaldet i planen, spesielt med tanke på handlingsplan kap. 5 og prioritering av tiltak.

Auka utbygging, endringar lokalt og utførte tiltak fører til behov for nye innspel og ein revisjon av eksisterande handlingsplan med tiltak.

Godkjenning av prosjektmandat er og meldt opp, ref. journalpost 16/3576.

Vurdering

.....